

# Årsmelding

for Aurland fjellstyre  
**2020**



Aurland fjellstyre  
Februar 2020

## FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg på fjellstyret si nettside [www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no). Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

### Aurland, den 8.2.21

Sigurd Vikesland  
fjellstyreleiar

May- Britt Martinsen

Erling Nesbø

Leif Turlid

Tor Olav Kvam

Harald Skjerdal  
(dagleg leiar)

## INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2020	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	5
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	8
5.	REIN OG REINSJAKT	"	10
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	11
7.	SMÅVILTJAKT/ROVVILT	"	12
8.	FISKE	"	13
9.	ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN	"	14
10.	ØKONOMI	"	14

### Framsdebilete:

- Reinsflokk ved Langevasseggi, oktober 2020

### Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2020
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2020

## 1. FJELLSTYREMØTE OG SAKER I 2020

Det vart halde 6 møte og handsama 41 saker dette året. I tillegg er 2 møte gjennomført med e-postutveksling utan fysisk møte, som følgje av koronarestriksjonar.

### Fjellstyremøte 4. februar

- Sak 1/20. Referat og meldingar
- Sak 2/20. Fjellstyrerekneskapen for 2019
- Sak 3/20. Fjellstyret si årsmelding for 2020
- Sak 4/20. Søknad frå Aurland sau og geit om tilskot til skotpremieordning for raudrev
- Sak 5/20. Budsjettendring i samband med kjøp av snøskuter
- Sak 6/20. Val av styremedlem og varamedlem – villreinutvalet for Nordfjella
- Sak 7/20. Val av styremedlem og varamedlem – Aurland Setjefisk SA
- Sak 8/20. Val av styremedlem – Aurland fiskeadministrasjon
- Sak 9/20. Møteplan for 1. halvår 2020

### Fjellstyremøte 2. mars (e-postveksling)

- Sak 10/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om oppkøyring av skiløyper

### Fjellstyremøte 27. mars (e-postveksling)

- Sak 11/20. Referat og meldingar
- Sak 12/20. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

### Fjellstyremøte 21. april

- Sak 13/20. Referat og meldingar
- Sak 14/20. Hjort- og elgjakta i Nordheimsdalen 2020-23
- Sak 15/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23 (del 1)
- Sak 16/20. Søknad frå Aurland jakt- og fiskelag om tilskot til opplæring av jegerprøve-  
Instruktørar og gjennomføring av jegerprøvekurs 2020

### Fjellstyremøte 19. mai

- Sak 17/20. Referat og meldingar
- Sak 18/20. Hjorte- og elgjakta i jaktfelt 2 i Nordheimsdalen, kontrakt med Aurland jakt-  
og fiskelag for 2020-23
- Sak 19/20. Hjortejakta i Nordheimsdalen, kontraktutkast jaktfelt 1
- Sak 20/20. Hjortejakta i Nordheimsdalen – vidareføring av ordning med dagskort,  
disponering av kvoten
- Sak 21/20. Småviltjakta i statsallmenningen 2020 – startdato, tal jaktkort, dagskvote
- Sak 22/20. Utleige Håbergsholene og andre hytter, smitteverntiltak
- Sak 23/20. Samjaktavtale for reinsjakta i Nordfjella jakta 2020
- Sak 24/20. Samjaktavtalen mellom statsallmenning og private vald i Aurland
- Sak 25/20. Steinbergdalshytta – søknad om tilskot til bygningstiltak

### Fjellstyremøte 16. juni

Sak 26/20. Referat og meldingar

Sak 27/20. Trekking av fellingsløyva for rein

Sak 28/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23

Sak 29/20. Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2020

### Fjellstyremøte 13. august

Sak 30/20. Referat og meldingar

Sak 31/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om garnkort til hytta

Sak 32/20. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til samlagsstemna i baneskyting

Sak 33/20. Søknad frå Jan Eira om å få fiska med garn som utanbygds i Nyhellermagasinet

Sak 34/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om å få selja småviltkort som del av overnattingspakke

### Fjellstyremøte 3. november

Sak 35/20. Referat og meldingar

Sak 36/19. Reinsjakta 2020, oppsummering

Sak 37/20. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2021

Sak 38/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23

### Fjellstyremøte 1. desember

Sak 39/20. Referat og meldingar

Sak 40/20. Fjellstyrebudsjettet for 2021

Sak 41/20. Søknad om jaktkort til NJFF sitt rypejaktkurs for jenter, Steinbergdalshytta oktober 2021

### Andre møte

Jegermøte før reinsjakta vart halde i midten av august, som eit samarbeidstiltak mellom fjellstyret, grunneigarlaget for villreinvalid og villreinputvalet for Nordfjella. Elles har møteaktiviteten i mange organ vorte sterkt avgrensa, grunna koronarestriksjonar. M.a. vart landsmøtet i Norges fjellstyresamband halde som Teamsmøte.

Fjellstyret har dette året vore representert i, eller medlem av, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreinputvalet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (John Håland fram til årsmøtet, Sigurd Vikesland etter dette)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Sigurd Vikesland)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjorteutvalet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

## Fjellstyret 100 år i 2020

Fjellstyra i Noreg har halde 100-årsjubileum i 2020, i høve at at fjellova vart vedteken det året. Her i Aurland vart det og valt fjellstyre i 1920. Aktiviteten var truleg ikkje så stor dei fyrste åra, etter innskota på bankboka å døma. Tidleg på sommaren 2020 hekta fjellstyret seg på fjellstyresambandet si fellesmarkering av jubiléet, ved at det vart lagt ut eit treskrin i allmenningen med ei innlagt gåve til finnaren; eit fiskekort for 100 år. Skrinet vart funne i Stemmerdalen etter 5 dagar, og den heldige finnaren var Anne Berit Borlaug, Aurland. Jubileumsmarkeringa gav mykje bra medieomtale om fjellstyra i Noreg og fiskemoglegheitene i statsallmenningen.



*Anne Berit Borlaug var den heldige vinnaren av eit fiskekort for 100 år*

## 2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Desse har i 2020 vore fast tilsette i fjellstyret:

- Håkon Øydvin, 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi, 100 % stilling (fjelloppsyn, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)

I tillegg er Aron Freyr Gudmundsson tilsett i eit 2-årig engasjement, m.a. med prosjekt for NINA og som sauegjetar i Stemmerdalen. Gea Prytz var engasjert 5 veker sommaren 2020 som ferieavløysar for oppsyn og gjetar.

Arbeidstida til fjelloppsynet i 2020 fordelte seg slik:

**2512** timar refusjonsgjevande arbeid for fjellstyret utgjer 46 % av arbeidstida. I tillegg kjem **25** timar ikkje-tilskotsgevande arbeid (kortsal, fakturering o.a.) for fjellstyret.


**2963** timar arbeid for andre oppdragsgjevarar utgjer 54 % av arbeidstida.

Dette gjev **5500** timar totalt (5777 i 2019).

Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar fordelte seg slik (2019-tala i parentes):

<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Timar</b>
<i>Aurland Setjefisk SA</i>	<i>Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing</i>	<i>660 (650)</i>
<i>Villreinutvalet for Nordfjella</i>	<i>Sekretærarbeid, teljingar, Jaktoppsyn/oppsynsleiar</i>	<i>273 (372)</i>
<i>Statens Naturoppsyn</i>	<i>Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag</i>	<i>780 (590)</i>
<i>Aurland/Lærdal Kommune</i>	<i>Viltforvaltning</i>	<i>795 (983)</i>
<i>NINA</i>	<i>CWD/saltsteinprosjekt/viltkamera villrein</i>	<i>216 (647)</i>
<i>Elveeigarlag, Aurland hjorte-utval, Raudafjell villreinutval</i>	<i>Fiskeoppsyn, sekretærarbeid m.m.</i>	<i>142 (147)</i>
<i>Andre (Mattilsynet, norsk Villreinsenter)</i>	<i>Prøvetaking, skuleopplegg</i>	<i>98(158)</i>
	<b>Totalt:</b>	<b>2964 (3441)</b>

**Figuren nedanfor syner fordelinga av arbeidstida til fjelloppsynet på fjellstyrearbeid og ulike tenestekjøparar i 2020.**





## Oppsynskontrollar og reaksjonar

Tal kontrollerte		Saker oppgjort på staden		Rapporterte saker	
Småviltjakt	2	Småviltjakt	-	Småviltjakt	1
Storviltjakt	4	Storviltjakt	-	Storviltjakt	-
Fiske	45	Fiske	3	Fiske	1
Motorferdsel	14	Motorferdsel	1	Motorferdsel	1
Vernereglar	-	Vernereglar	-	Vernereglar	-
Anna (bandtvang)	-	Anna (bandtvang)	-	Anna	-
Sum:	65	Sum	4	Sum	3

### 3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samsvar med partnerskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar sist haust. Fjellstyret dekte busstransporten for klassane som var med. Det vart søkt om å få dekt noko av kostnaden med transporten gjennom tilskot frå Miljødirektoratet, via Norges fjellstyresamband. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garn og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Det vart og teke med litt setjefisk frå anlegget i Fossheim, som elevane fekk vera med og setja ut ovanfor terskelen i Stemmerdalen. Etter mange år med dette opplegget, som starta som eit tynningsfiske i ein tett fiskebestand, er no kvaliteten og storleiken på fisken i vatnet kjempefin. Største fisken som vart teken opp under dette fisket i år var 0,95 kg.

Desse klassane var med:

19. august: 3.-4. klasse ABU. 13 elevar og 3 vaksne fiska i Stemmerdalen, fekk 14 fisk.

20. august: 1.-2. klasse ABU. 19 elevar og 4 vaksne fiska i Stemmerdalen, fekk 6 fisk.

21. august: 7. klasse ABU. 11 elevar og 1 vaksen prøvefiska i Vestredalsvatnet. 25 fisk.

Flåm skule fekk det same tilbodet, men den dagen som var planlagt var det vegstenging, slik at det diverre måtte avlysast.

Til saman 42 elevar og 9 vaksne var med på desse turane.

#### **4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR**

Fjellstyret disponerer 5 opne hytter som turgåarar, jegerar og fiskarar kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

##### Opne hytter:

- Storebotnhytta (bygd av fjellstyret i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd av fjellstyret i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd av fjellstyret i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar.

##### Andre hytter:

- Gjetarhytta i Brubotn: Bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert brukt som base for sesongoppsyn/gjetar. Fjellstyret har bestemt at denne hytta skal rustast opp, med sikte på utleige gjennom iNatur deler av året, t.d. om våren, før beitesesongen for sau.
- Utleigehytte i Håbergsholene: Opphavelag bygd av Oslo Lysverker, overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006. Hytta, som har 10 sengeplassar, innlagt vatn og straum, vert utleigd gjennom iNatur.
- Jaktbua hans han Per Veum på Langafonni er overteken av fjellstyret, og står open for brukarar av allmenningen. Planen er å rusta denne opp med litt nytt utstyr.

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle som vil, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles (kr 100 per overnatting).

Allmenningsstyret er eigar av desse to hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmenningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen.

Bruken av dei opne fjellstyrehyttene var ein del mindre enn i 2019, rekna ut frå summen av innbetalingar for overnatting som har kome inn. Den snørike sommaren, med sein isgang på fjellvatna, var nok hovudgrunnen til at samla besøk på fjellstyrehyttene vart noko mindre enn det har vore dei siste åra. Når det gjeld utleigehytta i Håbergsholene, var det stor rift om å leiga denne gjennom sesongen.

##### Koronatiltak:

Fjellstyret gjorde før sesongen 2020 vedtak om å innføra fleire tiltak for å hindra smittespreiing mellom brukarar av hyttene. Innskjerping av rutinar for reinhald, plassering av handsprit på alle hytter, meldeplikt viss

#### **Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2020**

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:



### Storebotn:

Takpappen var delvis blæsen av taket på naustet, ny papp vart lagd på.

### Gjetarhytta i Brubotn:

Vasspumpa tok kvelden og det vart grave ned ny leidning frå ein gamal brønn på oppsida av FV 50. I haust vart det oppdaga ein taklekkasje på hytta, det vart laga ei inspeksjonsluke opp på blindloftet. Takreparasjon er lagt inn i budsjettet for 2021.

### Håbergsholene:

Begge soveromma fekk nokre lag med naudsynt måling. Det var og nokre glasruter som var knuste og vart reparert. Mindre rørsler i grunnen under hytta etter at me drenerte der.

### Melahytta:

Opphenget til lemmane for vindaugene vart flytta litt for å gjera det sikrere å opna dei. Det var 6 knuste glasruter som vart ordna. Alle vindaugssprosser på hytta vart gått over med kitt, så fekk dei eit lag måling på utsida, og på innsida vart dei olja.

### Langafonni:

Me har køyrt ut eit par store lass med bos. Det er lagt ny isopor i køysenga og ei ekstra propanflaske er komen fram. Me vil halda fram med opprydding og fornying av naudsynt utstyr framover.

### **Nordheimsdalen:**

Det vart bygt ny do ved hytta ved Sagi. Kaien fekk nokre få nye plankar og det vart montert skjørt på sørsida av kaien. Her skal det og lagast ein stige for lettare tilkomst.

Brua som fjellstyret i 2014 fekk bygt over elva til hytta ved Sagi vart teken av flaumen våren 2020. Brua ligg framleis, men ein stor stein som har vore brufundament på eine sida har flytta på seg, slik at brua no er ubrukeleg. Fjelloppsynet har sett opp skilt om at brua ikkje skal nyttast. Fjellstyret vurderer ulike løysingar for å løysa problemet med elvekryssing for å koma over til denne hytta frå vegsida av dalen.

### **Naust og båtar**

Fjellstyret hadde dette året 12 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtane er utstyrde med årar og redningsvestar. Båten ved Svartavatnet er den som det er mest rift om i den beste fiskesesongen. På finversdagar kan det vera fleire fiskelag som brukar denne. Då er det viktig at båten vert lagd på den faste plassen etter bruk, slik at neste brukar finn han. Båtane ligg ved følgjande vatn:

- Nedsta Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremsta Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhører Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongshelleren
- Svartavatnet
- Mell. Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet
- Nedre Berdalsvatnet
- Nosavatnet (samarbeid med grunneigarane i den privateigde delen av vatnet)
- Vestredalsmagasinet (denne kom på plass i 2018, etter at fjellstyret hadde fått ferdig veg ned til vatnet med tilrettelagd plass for båtutsetjing).

## 5. REIN OG REINSJAKT

Av totalkvoten på 250 i Nordfjella fekk fjellstyret 40 løyve til fordeling på 128 innanbygds søkjarar – det meste av dette frie løyve og reine bukkekort. 34 jegerar fekk tildelt fellingsløyve. Det vart trekt ei varamannsliste med 93 namn. 5 fridyrskort var avsette som «dagskort,» d.v.s. fellingsløyve som interesserte kunne søkja på for særskilte dagar eller tidsrom, og levera attende til fjellstyret dersom det ikkje vart felt dyr. Denne opplegget fungerte bra dette året òg; det gav alle som ynskte det tilgang til å jakta, og litt betre økonomi i salet enn ved å selja korta på vanleg måte. Eitt bukkekort vart tildelt jaktkarusellen som skyttarlaga og jakt- og fiskelaget står for, og trekt mellom dei som deltok i denne. For området Broksfjellet, som ligg under Hardangervidda villreinområde, vart fjellstyret tildelt 2 frie og 3 reine bukkekort.

### Jakta

Før jakta 2020 vart samjaktavtalen mellom statsallmenningen og dei privateigde jaktfelta i Aurland fornya for 5 år. Denne avtalen har gått samanhengande sidan 1976, med berre små endringar. Samjaktavtalen over kommunegrensene til Hol og Ulvik vart og gjort gjeldande for denne jakta, med samjakt over kommunegrensene frå 31. august og ut jakta.

Spesielt for jakta i 2020, var at mykje av bukken var reist ut av Nordfjella villreinområde, mot Broksfjellet og vidare nordvestover til Raudafjell villreinområde, som ligg vest for Aurlandsfjorden og Flåmsdalen. Fostringsflokken var i Aurland tidleg i jakta, men reiste mot Bergensbana og sør for denne før det var gått ei veke av jakta. Midt i jakta var flokken attende på nordsida av bana nokre dagar, før han reiste på sørsida att, og vart gåande der til jakta var slutt. Dette gjorde at fellingsresultatet innan Nordfjella vart dårleg, både for Aurland og for villreinområdet sett under eitt. Men sidan det vart felt ein del dyr av Nordfjellaflokkar både i Raudafjellområdet og innan Hardangervidda (Osafjellet/Broksfjellet), nådde ein fellingsmålet som vart sett likevel (100 dyr). Dette målet var sett først og fremst med sikte på å få eit høgt nok tal på innsende prøver CWD-analyse.

**Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2020:**

	<b>Aurland statsallm.</b>	<b>Aurland totalt</b>	<b>Nordfjella</b>
<i>Vaksen bukk</i>	4	10	16
<i>Bukk 1 ½ år</i>	-	3	4
<i>Bukkekalv</i>	1	3	6
<i>Vaksen simle</i>	10	17	35
<i>Simle 1 ½ år</i>	-	0	1
<i>Simlekalv</i>	2	4	8
<b>Felt i alt</b>	<b>17</b>	<b>37</b>	<b>70</b>
<i>Tildelt kvote</i>	40	87	250
<i>Fellingsprosent</i>	42,5 %	42,5 %	28 %

**6. ELG OG HJORTEJAKT**

Det har kome sterke signal frå Miljødirektoratet om at felling av hjort og elg i kommunane kring Nordfjella villreinområde må aukast; bestanden skal ned på kring det halve av 2016-nivået.

Før jakta 2020 vart avtalen som fjellstyret har med Aurland jakt- og fiskelag om leige av jakta i det øvre jaktfeltet (Storebotn) fornya for 4 år (2020-23). Det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen vart lyst ut for 2 år, der utanbygds jaktlag vart prioriterte. Elles vidareførte fjellstyret ordninga med å tilby «overskotsløyve» til andre vald i kommunen, slik det er høve til innanfor det felles bestandsplanområdet. Interesse for slik overføring av løyve var lita – kanskje grunna stor mengd ledige fellingsløyve elles i kommunen, sidan dette var siste året i bestandsplanperioden. Frå 1. november vart jakta i heile valdet disponert for dagskortjakt til dei som etter søknad og trekning var tildelt periodar for slik jakt. Ein merka dette året større interesse enn før for slik jakt (11 søkte), og det vart felt eit par dyr seint på hausten av jegerar med dagskort. Felling i valdet sett under eitt vart den dårlegaste på mange år, med 9 felte dyr totalt, trass i høgare fellingskvote enn nokon gong (53 dyr + restløyve frå 2018 og -19, fri kalvekvote). Mykje tyder på at hjortebestanden er sterkt redusert i området, i tråd med viltstyresmaktene sitt ynskje.

**Felling av hjort, Nordheimsdalen 2020**

	<b>Aurland Jakt og fiskelag (øvre felt)</b>	<b>Utanbygds jaktlag (nedre felt)</b>	<b>Felt på dagskort</b>	<b>Felt på kort selde til andre felt</b>	<b>Til saman</b>
Bukkekalv	-	-	-	-	0
Kollekalv	1	-	-	-	1
Spissbukk	-	-	-	-	0
Ungkolle	-	-	-	-	0
Kolle	1	-	-	-	1
Bukk	5	-	2	-	7
Til saman	7	0	2	0	9

## 7. SMÅVILTJAKT/ROVVILT

Fjelloppsynet sine rypeobservasjonar gjennom sommaren, saman med andre innkomne meldingar, tydde på ein like dårleg rypeproduksjon som i 2019, som var dårlegare enn i 2017 og -18. Det var få kull å sjå gjennom sommaren, men trass alt nokre få, store kull. Fjellstyret valde å halda på jaktstart 25. september, som året før. Ein heldt på ordninga med å leggja eit avgrensa tal jaktkort (75 stk) ut for sal på Inatur, med start i kortsalet 1. september. Det var stor interesse for å få tak i jaktkort - dei fleste korta var selde den første dagen det var opna for sal. I tillegg vart nokre kort, 15 stk, lagde ut for sal på Steinbergdalshytta, etter søknad frå hytteeigaren der. Jaktkort for innanbygdsbuande jegerar er å få kjøpt på fjellstyrekontoret, utan avgrensing i tal. Eit fåtal innanbygdsbuande kjøper jaktkort for småviltjakt.

### **Fordelinga av selde jaktkort for småvilt i 2020 og dei åtte føregåande åra:**

	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
1 dag	26	25	29	27	20	18	77	42	27
2 dagar	28	25	27	25	20	13	49	54	12
3 dagar	20	20	20	20	20	24	37	14	4
1 veke	10	10	10	10	10	2	7	2	3
Sesong	12	13	14	13	12	9	13	7	2
Sum:	<b>96</b>	<b>93</b>	<b>100</b>	<b>95</b>	<b>82</b>	<b>66</b>	<b>183</b>	<b>119</b>	<b>48</b>

I tillegg vart det selt 22 jaktkort på Inatur for området Myrdalen/Broksfjellet, som er eit jaktfeltsamarbeid mellom fjellstyret og ei privateigd sameige. Innkomne fangstrapportar tyder på at rypeproduksjonen i allmenningen dette året var dårleg, slik ein hadde inntrykk av før jakta. Ikkje sidan 2015 hadde fellinga av rype per jaktdag vore dårlegare (sjå tabellen på neste side).

### **Innkomne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2020 og dei 8 føregåande åra:**

År:	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Tal rapportar	<b>82</b>	82	76	76	74	35	81	32	11
% levert rapport	<b>69,5</b>	88,2	76,0	80,0	84,0	53,0	39,3	26,9	22,9
Tal jaktdagar	<b>199</b>	189	200	198	180	98	166	54	22
Felte ryper/dag	<b>0,26</b>	0,40	0,59	0,47	0,34	0,26	0,5	0,28	0,25
<b>Felt vilt:</b>									
Fjellrype	<b>40</b>	53	84	79	52	25	83	15	5
Lirype	<b>11</b>	25	34	14	9	-	3	1	-
Hare	<b>1</b>	1	1	-	3	2	4	-	1
Mår	<b>2</b>	-	-	-	1	-	-	-	-
Raudrev	<b>1</b>	3	10	2	-	1	-	-	-
Røyskatt	<b>3</b>	1	6	2	3	1	1	-	-
Ramn	<b>1</b>	-	2	1	3	1	-	-	1
Kråke	<b>4</b>	-	3	1	3	1	-	-	1

### **Freda rovvilt og smårovvilt**

Det var ingen meldingar om skade på husdyr grunna freda rovvilt i Aurland kommune i 2020, i følgje årsrapporten frå Fylkesmannen.

Fjellstyret sel eit eige, rimeleg sesongkort for smårovilt som raudrev, røyskatt, ramn m.m. Nokre få jegerar kjøper dette, og feller litt av desse viltartane.

## 8. FISKE

Samla fangst på garn og stong i statsallmenningen vart omlag 1309 kg. Av dette vart heile 1200 kilo (3372 fisk) teke på garn, og 109 kg (316 fisk) på stong. Samla fangst på stong er i realiteten noko større enn dette, sidan sportsfiskarar ikkje er pålagde å levera fangstoppgåve. Stongfisket i 2020 var berre tredjeparten så fangstgjevande som året før, då det vart innmeldt 971 fisk med samla vekt på 352 kg på stong. Årsaka til nedgangen er nokså opplagd: 2020 var ein sommar med uvanleg store snømengder som låg att etter vinteren. Dette gjorde at isen på mange fjellvatn vart liggjande til august, på nokre vatn heilt til slutten av månaden. Då var det lite att av fiskesesongen, og kaldt vatn gjev ofte dårleg fiskebet. Største fisk som er innmeld denne sesongen var 0,95 kg, teken på garn i Stemmerdalen av ungane i 3. og 4. klassen under fiskedagane som fjellstyret står for i samarbeid med skulen. Største fiskane tekne på stong var på 0,7 kg, fiska i Hellenutvatnet og i eit vatn i Stemmerdalshalli.

Garnfisket fordelte seg på 16 vatn, mot 25 vatn året før. Nedgangen hadde nok med den korte fiskesesongen å gjera, og at dei høgstliggjande vatna vart seint isfrie. Stongfiskefangsten fordelte seg på 32 vatn (55 vatn i 2019).

### Tal frå fangststatistikken for 2020:

<i>Selde garnkort:</i>	73	
<i>Innlevert fangstrapport:</i>	73 (98,7 %)	
<i>Tal garnnetter:</i>	1625	
<i>Tal fisk:</i>	3690	(av dette 316 på stong/oter)
<i>Kg. fisk</i>	1309 kg	( " " 109,4 kg på stong/oter)
<i>Største fisk:</i>	0,95 kg	(Over terskelen i Stemmerdalen))
<i>Fiskeinnsats pr. fiskar</i>	26 garnnetter	
<i>Sesongfangst pr. fiskar</i>	19,3 kg	(gjennomsnitt for dei som har fiska med garn)
<i>Fangst pr. garnnatt:</i>	0,75 kg	(2,0 fisk)
<i>Gjennomsnittstorleik:</i>	0,35 kg	

### Prøvefiske

Fjelloppsynet hadde, saman med 7 kl. på ABU, prøvefiske i Vestredalsvatnet sist haust. 25 fiskar hadde gjennomsnittleg k-faktor på 1,05, som er bra. Sogn jord- og hagebruksskule prøvefiska nedre Berdalsvatnet. 30 fiskar hadde gjennomsnittleg k-faktor på 0,91, som er heller mager fisk. Største fisk var 33 cm og 330 gram. Resultatet tyder på at det bør tynnast ut meir i denne bestanden.

### Fiskeutsetjing

Fjellstyret sette ut 4.750 sommargamle setjefisk i vatn i statsallmenningen sommaren 2020, alt kjøpt frå anlegget til Aurland Setjefisk SA. Utsetjinga vart dels gjort på dugnad, dels ved at fjelloppsynet tok nokre av utsetjingane. I tillegg til fjellstyret si utsetjing i uregulerte vatn, har E-Co Energi ansvar for fiskeutsetjing i dei regulerte vatna, i samsvar med utsetjingspålegg.

## 9. ANLEGGSSARBEID I ALLMENNINGEN

### Rehabilitering av kraftverksdammar

Det føregjekk ikkje utbetningsarbeid på damanlegg innanfor statsallmenningen dette året, slik det har gjort fleire av dei siste åra. Det var difor ingen problem med stengde anleggsvegar til fiskevatn eller hytter denne sesongen.

### Kraftliner

Statnett har meldt frå om at det likevel vil bli sett i gang arbeid med bygging av ny 400 kV kraftline mellom Vassbygdi og Sogndal. Ingen arbeid gjort i terrenget 2020, så langt som fjellstyret kjenner til.

## 10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapen for 2020 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr **3.118.931** og samla kostnader kr **3.297.664** Dette gav eit årsunderskot på kr **178.733**. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over eignedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

## FISKESTATISTIKK 2020

	Tal garn	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk	
<b>Garnfiske</b>					
Adamsvatn/ Langavatn	25	94	31,25	0,5	
Berdalsvatne nedre	8	34	6,9	0,4	Prøvefiske
Dyranosv. Øvsta	30	66	29,2	0,65	
Grønebotnvatnet	3	8	3,3	0,45	
Katlamagasinet	7	25	6	0,3	
Langavatn 1393	5	25	10	0,65	
NN- vatn over lukehus Langavatn	4	12	4	0,5	
Mellomvatn mellomste	40	59	22,5	0,5	
Nyhellermagasinet	582	1689	681,5	0,82	
Stemmerdalen o/ terskel	2	14	6,5	0,95	Skulefiske
Storebotten	3	12	2,4	0,25	
Svartavatn	83	174	66,8	0,62	
Vargebotnvatnet	4	7	2,3	0,4	

Vargevatn store	15	42	15,6	0,5
Vetlebotnvatnet	230	317	83,5	0,5
Vesterdalsvatnet	584	794	227,6	0,4
<b>Til saman</b>	<b>1625</b>	<b>3372</b>	<b>1199,35</b>	

### Oppsummering:

Fangstrapporatar:	62
Ikkje fiska:	11
Ikkje sendt melding:	1
Utskrevne kort:	73
% sendt fangstrapporatar:	98,70 %

Gjennomsnittleg innsats (av 62 som har fiska) 26,2 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 54,4 fisk, eller 19,3 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 2,0 fisk eller 0,75 kg fisk

Gjennomsnittstorleik 0,35 kg.

Garnfisket har vore fordelt på 16 vatn i statsallmenningen

### Sportsfiske

	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Adamsvatnet/ Langavatnet	7	1,8	0,3
Berdalsvatn nedre	6	1,65	0,33
Brubotten elva	25	7,7	0,4
Dyranosvatn nedre	1	0,2	0,2
Dyranosvatn øvsta	5	1,95	0,7
Grønebotnvatnet	1	0,5	0,5
Grånosvatnet	3	1,34	0,44
Hedlenutvatn	2	1	0,7
Holmavatn	1	0,6	0,6
Katlamagasinet	2	0,5	0,3
Kjeldhusnosv. Fremsta	14	5,6	0,6
Kjeldhusnosv. Heimsta	12	8	0,6
Kjeldhusnosvatn elva	3	1,5	0,5
Kreklevatn elva	3	1,68	0,44
Langavatn 1393	3	1	0,4
Liavatnet stora	1	0,5	0,5
Melavatnet heimsta	4	1,6	0,4
Melavatnet fremsta	2	0,8	0,4



Nyhellermagasinet	96	28,7	0,6
Rasmusdalen elva	2	0,8	0,4
Rynjulsvatn øvre	7	3,4	0,6
Rustatjørni	7	3,8	0,6
Storebotn	33	6	0,2
Stemmerdalshalli	26	10	0,7
Stemmerdalen over terskel	14	4,4	0,4
Strupavatnet Melane	1	0,4	0,4
Svartavatnet	6	2,4	0,4
Vargebotnvatnet	2	0,88	0,48
Vargevatnet stora	10	3,8	0,5
Vesterdalsvatn	14	4,1	0,4
Vetlamelavatnet	1	0,8	0,8
Vetlebotnvatnet	4	2	0,65
<b>Til saman</b>	<b>318</b>	<b>109,4</b>	

## Aurland 12. januar 2021

Håkon Øydvin

Fjellopsyn Aurland fjellstyre

## FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2020

Vatn	m.o.h.	Areal, hektar	Sist utsett	Utsett	Utsetjar
<b>Austfjelli:</b>					
Heimsta Kjeldhusnosvatnet	1471	52	2018	400	Steinar Tønnesen
Grånosvatnet	1446	18	2017	200	Kjeil Lien Nilsen
Hellenutvatnet	1409	68	2018	400	Andreas Tokvam
Svarthovdvatnet	1449	35	2016	300	Stian Gjerløw
Holmavatnet	1524	91	2018	800	A. Iøyum/A. Gudmundson
Langavatnet v. Kongshelleren	1446	120	2017	400	Håkon Øydvin
Småvatn Finndalskjeften/ Stemmerdalshalli øvre	1473-80	10	2016	200	Aron Freyr Gudmundson
Vetlebotnvatnet	1025	77	2017	1000	Gea Prytz/ Håkon Øydvin
Stemmerdalen o/ terskel				50	Knut Fredrik Øi
Sum Austfjelli				3750	
<b>Vestfjelli:</b>					
Høganosvotni, 2-3 øvre	1400	10	2016	150	Gea Prytz

Langavatnet nedre	1393	17	2017	200	Håkon Øydvin
Langavatnet øvre	1395	8	2015	100	Håkon Øydvin
Vesle Vargevatnet	1474	81	2017	400	Alf Waaler
Dyranosvotni nedre, 2-3 vatn	1380- 1431	20	2012	150	Gea Prytz
Sum Vestfjelli				1000	
<b>Totalt</b>				<b>4.750 stk</b>	
Aurland 10. september 2020					
Håkon Øydvin					